



Vått, men kjekt under SPAR-løpet i fjor. I år håpar karusellarrangørane på godt ver!

Terrengløpskarusellen som har vorte arrangert dei to siste åra har blitt ein solid suksess med mange deltakarar. Dette året er også Rosendal TL/Omvikdalen IL og Matre IL komme til på arrangørsida i tillegg til Uskedal IL, Herøysund IL og IL Trio, og dermed vert løpa fordelt over ein større del av kommunen vår.

Arrangørлага ønskjer no velkommen til 5 løp som inngår i karusellen. Deltakarane må vera med i tre av dei fem løpa for å få fullført karusellen. Dei håpar vidare at mange hiv seg med, og at det vert god deltaking i alle løpa. Løpsoppsettet er som følgjer:

1. 10. April, Karuselløp (Herøysund IL, idrettsplassen)
2. 24. April, Karuselløp (Omvikdalen IL / Rosendal TL, stad blir annonsert)
3. 04. Mai, SPAR-løpet (Uskedal IL, Sandakaien)
4. 14. Mai, Åkraløpet (Matre IL, skulen)
5. 11. Juni, Kvinnheradmmesterskap (IL Trio, Triohuset)

Påmeldinga for første løpet i Herøysundet er alt opna, og ein kan melde seg på via [UIL si heimeside her](#).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland